

Bondalsfilmen ferdig

Eit av dei heilt store historieprojekta i Hjartdal kommune er nå ferdig. I juni fekk vi dei første kopiane av video- og DVD-utgåva av filmen som presenterer Suigard Bondal og museet til Øystein H. Bondal.

Arbeidet med filmen har gått føre seg i det stille i over eit år, og det er eit eineståande prosjekt som er gjennomført .Resultatet er ein film på over fire timer i perfekt, moderne teknisk kvalitet.

Mesteparten av filmen består av at Øystein Bondal viser fram og fortel om gjenstandar frå musæt. Alt blir sett i sin rette sammanhang og Øysteins forteljemåte er som vi kjenner til, førsteklasses både i innhald og ikkje minst når det gjeld



språk/dialekt.

Eit par «besøkande» tar del i filmen og har rolla med å stille spørsmål, slik at vi heile tida får ei

Forts. s.2

**Ny, stor lokalhistorisk bok
frå Ivar Dahl - og Tov Reisjå**

Sjå sidene 6-7 og 8

svært naturleg framstilling av eit museumsbesøk utanom det vanlege.


Ved framsyning av enkelte delar av samlinga, overtar Torkjell Sletta framlegginga, og han står ikkje tilbake for Øystein når det gjeld fagleg innhald og stor formidlingsevne.

Nå vil nok dei færreste kome til å sjå denne filmen i sin fulle samanheng særleg ofte. Som nemnt er det snakk om fire timer. Filmen er rett og slett eit stort oppslagsverk. Han er inndelt i tema, og ein meny på starten, gjer at ein på DVD-utgåva kan hoppe til det temaet ein til kvar tid er interessert i å sjå.

I tillegg inneholdt filmen også musikkinnslag. Anne Hytta spelar hardingfeleslåttar knytt til Bondal. Forutan at vi ser og hører henne spele inne i stova på garden, er det lagt ut historiske bilde frå grenda som bakgrunn for musikken. Dette gjer heilskapsintrykket av filmen enda betre.

Filmen er produsert av Seaside

Bjørn
Nysveen i
Seaside
Studio har
nedlagt eit
stort arbeid
produksjonen
av Bondals-
filmen



Studio, eit firma som har hatt andre oppdrag i Tuddal tidlegare. Kostnadane er dekt først og fremst av Stiftelsen Bondal bygdetun. Dessutan har Lars Slaattun, Hjartdal mållag, Hjartdal og Gransherad sparebank, Hjartdal kommune og Hjartdal historielag bidratt.

Filmen blir altså å få som vanleg videokassett (VHS). Men DVD-utgaven vil nok vere meir praktisk når det gjeld å finne fort fram på ein så lang film. Og DVD-spelarar får ein nå kjøpt til godt under tusenlappen.



*Samling for gjennomsyn av filmen på Knutepunktet i vår. Frå venstre:
Tone Stuvrud, Ragnhild Kåsa, Torkjel Sletta, Thor Tveiten og Bjørn Nysveen.*

Kjetil Fosse

1918-2002

Den 11.november 2002 døydde Kjetil Fosse, etter at helsa hadde svikta han dei siste månadane. Han levde siste tida som enkemann på sjukeheimen i Sauland.

Han vaks opp i Sauland og på Notodden og flytte til Haug-Fosse i 1948. Her budde han resten av livet og dreiv som gardbrukar og tømmermålar.

Kjetil var med på å opprette Hjartdal historielag og var første formannen - frå 1990 til 1992. Han hadde ei stor interesse for samfunnet og alt omkring seg, og var med i styr og stell i Hjartdal kommune.



Historieinteressa hadde han også heile livet. Dessutan vil vi hugse han som ein ihuga friluftsmann og jeger.

Vegrydding

Nokre av dei viktigaste og nyttigaste kulturminna er gamle vegar og stiar. På kryss og tvers i bygdene og i utmarkene gjekk desse vegane - beregna for gåande, og hestar med og utan kløv. (Folk flest er ikkje klar over kor nytt innslag i historien kjøre/kjerrevegane eigentleg er. Dei er faktisk produkt av siste del av 1800-talet - utanom sjølve hovud-ferdselsårene i sentrale strøk av landet).

Men stiane er vel verdt å halde opne og i hevd. Ein god del kunnskap om desse eksisterer ennå, og mykje av dei er synlege i terrenget. Det som bør gjerast, og som fleire har foreslått som eit tiltak for historielaget, er så enkelt som å rydde desse for kvist og greiner. Det er bare spørsmål om initiativ. Dei som er interesserte i slikt dognadsarbeid bør ta kontakt, med laget (Torkel Hytta 35023150). Så ser vi snart om vi greier å organisere noko.

Fra Sauland, Telemark

Frå Decorah-Posten 22.9.1949

Hjertelig Tak til Onkel Ole Kittilsen for "Decorah-Posten", som han i lang Tid har sendt mig. Jeg liker den meget godt i alle Dele.

Jeg har mange Slegtninger i Amerika. Min Bror, John, som er gift, bor i Wisconsin, og Søster Margit, som blev gift med en Norsk. Amerikaner ved Navn Halvor Grendahl fra Sauland, bosatte seg i Nord Dakota; men hun døde for flere Aar siden.

Halvor og deres to Døtre lever. Jeg har havt brev fra dem, og ikke at forglemme Gavepakkerne, som kom over Atlanteren fra flere av Skyldfolka derborte da Krigen var slut. Pakkerne blev aabnet i en Fart, for vi var spændt over hvad de vilde indeholde, og vi blev ikke skuffet. Det var noget baade til Barna og til voksne, og vi skylder dem saa mange Tak for det.

Jeg husker en Dag, det var da Tyskerne var i Norge, kom jeg hjem fra Mølla med en Madpose. Da stod der nogen Tyskere paa Vagt ved Fosbrua; en av dem kom bort til meg, klemte paa Sekken. Jeg skjønte hvad han mente; han lurte nok paa om det kunde være Sprengstof; men da jeg pekte bort til Mølla og sa at jeg kom derfra, fik jeg lov at gaa med min dyrebare Sek.

Ja, det var en Tid saa haard, og

Som kjent skreiv nordmenn ofte «brev» til Decorah-posten for å halde utvandrarane oppdaterte på forholda i gamlelandet. Desse artiklane gjev oss idag gode innblikk i mykje av kvardagslivet her heime i ikkje alt for fjern fortid;

jeg haaber at ingen faar opleve den igjen, og at ledende i hvert Land vil herefter forstaa at Krig er verre end den værste Pest.

Der er reist mange til Amerika ogsaa her ifra Sauland. Jeg hadde en Tante og fire Onkler som reiste; der er vel 56 Aar siden nu. Nu er de døde. Det er Ole, som lever igjen. Min Mor og K.Fosse, som var igjen her, hviler ogsaa under Torven paa Saulands Kirkegaard. Det var nok haardt for Far og Mor at skilles med sine Barn, som reiste saa langt bort. Men Barna glemte ikke Forældrene, for det var mange Dollar som fandt Veien hjem til Barndomshjemmet, der deres Vugge stod, til stor Opmuntring til Forældrene. Ole tog sig en Tur til Norge for 26 aar siden; men da var hans Far, som blev 94 aar gammel, død.

Jeg husker, at da jeg kom hjem en kveld, mødte Mor mig ude og sa, at der var kommet fremmed. "Jeg lurer paa hvem det kan være", sa hun paa Spøg. Hun vilde nemlig se om jeg kjendte ham igjen. Da jeg kom ind, sad han ved Bordet og drak Kaffe. Han saa paa mig og spurte, om jeg kjendte ham. Jeg nævnte Navnet, og det stemte. Han var hjemme en Sommer, og vi tog en Tur til Rjukan og saa paa Anleggene der, og saa gik Turen til Gaustatoppen, og saa

til Fods derfra til Høifjeldshotellet, og derfra med Bil ned gjennom Tuddal og hjem igjen. Saa drog han igjen over til Amerika. Han har igjen faat skue Norges Fjeld og Daler og sit Barndomssted, Lappebakke.

Jeg skulde ha hatt god lyst til at ta en Tur til Amerika og faa høre Feleslaatter av Kittil Gregersen.

Om dette Aars Avling her tillands kan det vel sies at bli under et Middelsaar hvad Korn og Poteter angaar. Det var fra Vaaren meget Regn, men saa kom det en Tørkeperiode med sterk Sol, saa Ageren fik et Knek; men Høiavlingen blev bare bra. Nu har vi faat meget Regn, og i dag regner det kraftig, saa det nok endnu kan jamne sig.

Rationering paa mange Slags Varer er det den Dag i Dag; Tøier er det derfor lidet av. Kaffe og Sukker er rationeret; det blir ofte som at koge Suppe paa en Spiger. Men Brød er det nu at faa uden Merker,


som ogsaa er frigit.

Det har været bra med Arbeide, baade Tømmerhugst og Vedhugst, og en del Arbeider paa Veianlægget fra Sauland til Tuddal - det er for det meste Fjeldarbeide og vil ta Aar inden det blev ferdig. Der arbeides ogsaa med Forbygninger i Elven Ørvella, men det er snart ferdig; det er bygget op paa begge Steder med store Sten, som er sprengt ud av Fjeldet, ovenfra og til Ørvella Bru, saa nu faar den gaa der den skal gaa.

Sender gjennom "Decorah-Posten" en Hilsen til Slegtninger og kjendte.

Kjetil Rivrud.

Teksten er
innsendt
av Øystein
Rivrud
(Spesial-
pedagog,
tilsett ved
Hjartdal
skule)



Vegnamn i Hjartdal kommune

I ei ikkje altfor fjern framtid vil kommunen begynne arbeidet med å sette offisielle namn på dei mange vegane i bygdene våre. Dette er mellom anna for at alle skal få ei nøyaktigare adresse i tillegg til postnr og -stad. Historielaget vil truleg bli spurt om uttale og råd/idear i denne saka. Derfor må medlemmene gjerne tenke over dette og la gode forslag komme fram. At slike vegnamn har historiske røtter, er ein god skikk her i landet, og vi kan sjå til at vi får slike vegnamn i Hjartdal også.

Ny bok i salg:

"BYGDELIV – FØR I VERDEN"

Kulturarv og folkeminne frå Hjartdalsbygdene.

Etter Tov Reisjå sine nedteikningar.

Denne boka gjev lesaren innsyn i livet til dei som gjekk føre oss, frå fjern oldtid til nær fortid. Farne tider der mystikk og gamal folketru knugar folket, men med eit hav av kunnskap vi i dag har gløymt.

Den rikt illustrerte boka med bilde frå 1880-2003, tar deg med tilbake til ei anna og ukjent verd – "før i verden." Kan hende finn du att noko du har mista eller møter menneske du kjenner deg i slekt med.


Forfattaren, Ivar T. Dahl, har tilrettelagt Tov Reisjå (1865-1938) si unike folkeminnesamling for folkelesnad. Stoffet er henta frå Hjartdalsbygdene i øvre Telemark: Tuddal, Hjartdal og Sauland, men sprenger desse grensene. Boka inneholder personlege tankar, erfaringar og opplevingar som både samlar og forfattar har hatt i særprega bygder.

I tillegg til dette – eit fargerikt mangfald i bilde frå bygdeliv og kultur i dei vakre Hjartdalsbygdene.

Kjenner du dragning og blir med?

Det finst framleis upubliserte historiske bilde i bygdene våre. Mange av dei er med i boka til Ivar Dahl.

Dette er frå Omnesfossen, truleg rundt forrige århundreskifte



Smaksprøver frå boka:

Kjetil Myrjord drap hesten

Kjetil Myrjord hadde eit hissig gemytt, men han var så rik. Kjærингa hans, «Myrjordtinnksa,» sa at der var likså mykje pengar som der var høy, bare setgne var ikkje så lange. Nei, det var slik ein underleg kar, den Myrjorden. Gilde hestar hadde han jamt, to hestar, men han plögde ikkje som andre. Han sette fora utfor. Da sa folk at han gjorde så gale, han drog molda nedover.

Men så var det ein gong han var i Haugen. Det hørte til Myrjord den gongen. Kjetil støyte (hogg) på ei stor osp, den største han fann. Så skulle guten kome etter med hesten. Han styrte unda så ikkje hesten kom i vegen for treet. Men Kjetil hadde andre planar, han var så sinna på dampen for han aldri stod still. Han støyte treet tvert over ryggen på hesten så han var kvitt han med det same.

(Kjetil Myrjord levde frå 1776 til 1853)
(''Myrjordtinnksa,'' Aslaug Olsdotter var frå Hegard i Tinn)

Ola Grasåsen blei trolla i Sverige

Ola Torkjellson Grastjønnåsen var på mönstring til Malmø. Ei svensk dame blei så glad i den staute tuddølen at ho sökte om å få lov

for han til å bli att i Sverige. Men det kunne dei ikkje gje løyve til. Svenska var ei bråsinna jente, og ho lova at måtte ikkje ho ha godt av han, skulle heller ikkje andre.

Det var fleire med frå heimbygda, og på båten heim att såg dei at han blei så rar. Ola hadde drive med fehandel før, og han tok på å vase vilt. Seinare var han rørete all sin dag, så han måtte ha formyndar. «Han er mykje galen, Grasåsen, eg va redd han i dag», sa Jon Bondal da han hadde vore til han.

Ola hadde ei søster i Åsen som var gift med Sigurd. Han var ofte der. Ein gong for det fem skrubbar sein om kvelden på vegen til Grenholtet, ei jente snudde og blei i Åsen til morgen. Ola Grasåsen var der og, og dei bad han hefte til neste morgen. Men han vyrde ikkje udyra. Han strauk heim til Grasåsen.

Ein gong var han på nabogarden, Dalen. Så gav ein av gutane der seg til å stire på Grasåsen. «Sjå der stend den gutongen og trøllar på meg», sa han. «Du skjørnar vel det at ein gut slik er for liten til å trølle», sa faren. Da slo han om med eitt, og han var like blid.

(Ola Grasåsen levde frå 1797 til 1873)

Årsmøtet 2003



Det er kanskje nokon som har sakna årsmøtet denne våren. Dersom vi ikkje får direkte anmodningar om å halde årsmøte nå i haust, kjem vi til å utsetje det til vinteren/våren 2004. Dvs at vi droppar 2003-møtet. Dette har å gjere med at det har vore liten formell

aktivitet (styreaktivitet) i laget siste år. Trass i dette har det likevel skjedd ting omlag som eit vanleg år - i lagets regi, og elles på historiefronten. Vi kan nemne bokmesse før jul, avslutninga av Bondalsvideoen, internett- og kontaktbladarbeid osv. Men dette kjem vi attende til i årsmelding over nyttår.

Frå boksleppet på Fossen kro, 22. august

Her har leiaren i kommunens hovudutvalg for kultur og oppvekst, Håvard Kåsa, fordjupa seg i ei rykande fersk bok. Til høgre er Ivar Dahl

igang med å lese smaksprøver frå boka si, der han har gjort tilgjengeleg Tov Reisjås eineståande samling av småhistoriar og utgreiingar.



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150 to-hy@online.no
Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje,
3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 lkskoje@hotmail.com
Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>
Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer.
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppje kjelde.
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*